

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo

REF.  
201005135-/SRM

VÅR REF.  
NIT

DATO  
10.01.2011

## Høyringsfråsegn om forslag til endringar i opplæringslova og privatskulelova om kompetansekrav m.m.

Språkrådet viser til høyringsbrev datert 20.10.2010 frå Kunnskapsdepartementet om forslag til endring i opplæringslova og privatskulelova.

Språkrådet vel å avgrense høyringsfråsegna si til å gjelde berre kapittel 2 i høyringsnotatet, kapittelet som gjeld kompetansekrav for undervisning. Språkrådet legg vekt på dei endringane som vedkjem norskfaget.

Det er lagt eit særskilt ansvar for lese- og skriveopplæringa og bruk av munnleg språk til norskfaget. Likevel er alle lærarar i alle fag no ansvarlege for lese- og skriveutviklinga og bruken av munnleg språk gjennom dei grunnleggjande ferdigheitene i læreplanverket for Kunnskapsløftet. Dette tyder at kunnskap om m.a. lesing og skriving er nødvendig for lærarar uansett kva fag dei underviser i. Språkrådet er derfor bekymra over at norsk ikkje lenger er eit obligatorisk fag i grunnskulelærarutdanninga for 7.–10. årstrinn. Så vidt vi kan sjå, ville ei presisering av opplæringslova om kompetansekrav for undervisning i norskfaget vore overflødig viss norsk var eit obligatorisk fag i lærarutdanninga. Obligatorisk norsk i lærarutdanninga ville truleg styrkt moglegheitene for små skular til å skaffe kvalifiserte norsklærarar, og unntaka som er formulerte i høyringsnotatet punkt 2.4.5, ville vere mindre aktuelle for norskfaget.

Obligatorisk norsk i lærarutdanninga ville òg styrkt rammevilkåra for nynorsk i skulen fordi alle lærarar då får opplæring i begge dei norske målformene. Alle lærarar kunne då undervise elevar både med bokmål og nynorsk som opplæringsspråk, òg i andre fag enn norsk. Dette ville vore i tråd med språkpolitikken som er vedteken av Stortinget gjennom handsaminga av St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og meining. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*:

Det ligg [...] ein særleg språkpolitisk skylnad i å vareta dei språklege rettane til nynorskbrukarane. I den nye språkpolitikken vil det vera eit underforstått prinsipp at tiltak til styrking av norsk språk generelt også må omfatta tiltak for å fremja nynorsk språk spesielt (St.meld. nr. 35, punkt 1.1.3.2).



POSTADRESSE  
Postboks 8107 Dep  
NO-0032 OSLO

KONTORADRESSE  
Observatoriegata 1 B  
NO-0254 OSLO

TELEFON  
+47 22 54 19 50  
TELEFAKS  
+47 22 54 19 51

E-POST  
post@sprakradet.no

INTERNETT  
[www.sprakradet.no](http://www.sprakradet.no)  
[www.språkrådet.no](http://www.språkrådet.no)

Språkrådet meiner at ei endring der ein skjerpar krava til kompetanse i norskfaget for å kunne undervise i norsk i skulen, vil bidra til betre norskopplæring. Likevel er det ut frå Læreplanverket til Kunnskapsløftet nødvendig med kompetanse i lese- og skriveopplæring og bruken av munnleg språk for *alle* lærarar i *alle* fag. Forslaget til lovendring dekkjer derfor ikkje kompetansebehovet til lærarane for å sikre ei god språkopplæring for elevane. Språkrådet meiner vidare at ein må sikre at alle lærarar har fått opplæring i nynorsk og bokmål til å drive lese- og skriveopplæring i dei faga dei underviser i, uavhengig av kva målform eleven har. Språkrådet rår til at norsk igjen blir obligatorisk fag i lærarutdanninga då dette etter vårt syn er den beste måten å sikre språkfagleg kompetanse hos alle lærarar.

Vennleg helsing

Sigfrid Tvitekkja  
konstituert direktør

Nina Teigland  
samfunnsrådgivar